

## Ålesund kommune sin heiderspris

Heidersprisen skal tildelast som heider for betydningsfull, samfunnsnyttig innsats for innbyggjarar i Ålesund kommune.

Prisen er ei påskjønning for utført arbeid, og som kan vere ei oppmuntring til å halde fram det gode arbeidet.

Alle innbyggjarar, organisasjonar og institusjonar i Ålesund kommune kan fremje forslag om kandidatar til prisen. Forslag på kandidatar må ha god grunngjeving.

### Kven kan motta prisen?

Heidersprisen kan tildelast enkeltpersonar, grupper av personar, lag eller organisasjonar.

Den kan ikkje tildelast offentlege institusjonar eller landsomfattande organisasjonar som hovudsakleg finansierer arbeidet sitt med offentlege midlar.

For å kunne få tildelt prisen må vedkommande vere busett i Ålesund kommune eller ha særleg tilknyting til kommunen.

Mottakar av Heidersprisen får eit prisbeløp på kr 10.000,-, arbeid av lokal kunstnar til verdi rundt kr 4.000,- og eit diplom.

### Kven avgjer kven som skal få prisen?

Kvar kommunedelsutval har ansvar for å få nominert ein kandidat frå kvar kommunedel.

Kommunedelsutvala kan også velje kandidatar som ikkje er foreslått av andre.

Formannskapet vel ut ein vinnar og tildeler prisen.

### Frist

Frist for innsending av kandidatar til Heidersprisen 2024 er 1. oktober.

### Utdeling av prisen

Heidersprisen blir delt ut på kommunestyret sitt desembermøte.